

KOMMUNESTYRET

Møteprotokoll

Møtedato:	26.03.2026
Møtestad:	Øygarden rådhus - Kultursalen
Møtetid:	Kl. 09:30 - 18:05

Medlemer som møtte	Parti
Anita Andrine Skjold Hellesø (permisjon kl. 17.20 etter sak 032/26)	Arbeidarpartiet
Espen Cornell Jacobsen	Arbeidarpartiet
Espen Stølsnes Harkestad	Arbeidarpartiet
Marianne Sandahl Bjørøy	Arbeidarpartiet
Rebekka Bjelkarøy Moldøen	Arbeidarpartiet
Silje Ulveseth	Arbeidarpartiet
Stian Oen	Arbeidarpartiet
Anfinn Hammer Feng	Fremskrittspartiet
Anita Garlid Johannessen	Fremskrittspartiet
Christian Daae-Hansen	Fremskrittspartiet
Kristin Børve Jacobsen	Fremskrittspartiet
Marit Fjæreide	Fremskrittspartiet
Svein Otto Jacobsen	Fremskrittspartiet
Sølvi Anita Schei	Fremskrittspartiet
Anita Vindenes	Høgre
Beate Bjelland	Høgre
Ernst Morten Einarsen	Høgre
Inge Kausland	Høgre
Michael Sangolt	Høgre
Nils Kåre Skoge	Høgre
Rikard Toft Ledang	Høgre
Robert Kaupang Sæle (permisjon kl. 16.50 etter sak 30/26)	Høgre
Silvia Haugland	Høgre
Stian Telle (permisjon kl. 17.20 etter sak 032/26)	Høgre
Synne Nordøy	Høgre
Tom Georg Indrevik	Høgre
Robert Krondorfer	Industri- og næringspartiet
Sverre Svindland Myrekrok (permisjon kl. 16.30 etter sak 029/26)	Industri- og næringspartiet
Trond Ågotnes	Industri- og næringspartiet
Helge Nilsen	Kristeleg folkeparti
Ingvill Kvalsnes Blom	Kristeleg folkeparti
Andreas Ormevik	Miljøpartiet Dei Grøne
Karin Florence Bjærum	Pensjonistpartiet
Børge Haugetun	Sotralista-TVØ
Nina Glesnes	Sotralista-TVØ

Sølvi Kobbeltvedt (permisjon kl. 14.00 - 15.30 frå orienteringa til kommunedirektøren og tilbake til PS 029/26. Permisjon frå kl. 17.20 etter sak 032/26)	Senterpartiet
Jonas Aleksander Foldnes (permisjon til kl 09.40)	SV - Sosialistisk Venstreparti
Symphorien Pombe	SV - Sosialistisk Venstreparti
Elizabeth Toft Erichsen	Venstre

Medlemer med forfall	Parti	Vara som møtte	Parti
Andreas Kallekleiv	H	Kjetil Søyland	H
Renate Toft	H	Elisabeth Erichsen Sandvik	H
Robert Lund	INP	Hege Renathe Glesnes	INP
Eilert Olai Hellesøy	KrF	Kenneth Hjortland (permisjon kl. 14.40 i saka 026/26) Josefine Bergstrøm (frå kl. 15.30 frå sak 029/26)	KrF KrF
Nils Bjarte Sæle	R	Elisabeth H. K. Lie	R
Jan Utkilen	SL-TVØ	Kjell Rune Garlid	SL-TVØ

Desse møtte frå administrasjonen:

Kommunedirektør Johnny Breivik, kommunalsjefar; Marius Sylta, Anne Erdal, Silje Haukedal

Møteleiar	Tom Georg Indrevik
Møtesekretær	Beate Hetlevik

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev difor ingen signatur.

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel	Uoff
020/26	Godkjenning av innkalling, saksliste og møteprotokoll	
021/26	Referatsaker og orienteringer	
022/26	Årsmelding 2025 - Råd for personar med funksjonsnedsetjing	
023/26	Årsmelding 2025 - Ungdomsrådet	
024/26	Årsmelding 2025 - Eldrerådet	
025/26	Finansrapport 4. kvartal 2025 - pr 31.12.25	
026/26	Evaluering av budsjettprosessen	
027/26	Kjøp av aksjar - Stavanger2Bergen AS	
028/26	RAN - søknad om forskottering/ forskotteringslån til slutføring av reguleringsplan moloprojekt	
029/26	Forslag frå Regjeringa om ei midlertidig endring av alkohollova i samband med Fotball-VM 2026	
030/26	Høyringsuttale til NOU - Ein berekraftig kommunesektor	
031/26	Gamle Glesnes barnehage – politisk avklaring av vidare bruk	
032/26	Ny organisering av SFO og ferie- SFO - revidert etter bestilling i kommunestyret 11.02.26	
033/26	Ny skule på Skålevik - avklaringar for fase 1	
034/26	Nytt vertskommunesamarbeid om barnevernsvakt	
035/26	Forsvarsforum Vestland Interkommunalt politisk råd (IPR) – deltaking og godkjenning av samarbeidsavtale	
036/26	Årsmelding 2025 for kontrollutvalet i Øygarden kommune	
037/26	Fritak frå politiske verv - nyval ved fritak 2026-2027	
038/26	Søknad om å ta opp att politiske verv etter tilbakeflytting til Øygarden kommune	
039/26	Val av kommunen sin representant til styret i Visit Bergen 2026-2028	
040/26	Interpellasjonar og spørsmål	
041/26	Val av styremedlem til Bergen Havn Ågotnes AS 2026-2028	

020/26: Godkjenning av innkalling, saksliste og møteprotokoll

Forslag frå kommunedirektøren

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent slik han ligg føre. Det er ingen merknadar til innkalling og saksliste.

Kommunestyret 26.03.2026

Behandling i møtet

Ordføraren bad om å få flytta behandlinga av sakene utanom sakskartet. Formannskapet slutta seg til dette.

Denne saka vart lagt til sakskartet 25.03.26.

- PS 041/26 - Val av styremedlem til Bergen Havn Ågotnes AS

Kommunestyret slutta seg samrøystes til å behandla saka i møtet.

Votering

Forslag frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret 26.03.2026 - saksnr. 020/26

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent slik han ligg føre. Det er ingen merknadar til innkallinga. Sakslista vart utvida med saka:

- PS 041/26 - Val av styremedlem til Bergen Havn Ågotnes AS

021/26: Referatsaker og orienteringer

Forslag til vedtak:

Referatsakene og eventuelle orienteringar vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Kommunestyret 26.03.2026

Behandling i møtet

REFERATSAKER

Det var ingen merknader til referatsakene.

ORIENTERINGAR

Årsmeldinga for dei tre medverknadsråda vert behandla i møtet - Råda er inviterte til å presentera sitt arbeid slik:

- Råd for personar med funksjonsnedsetjing v/ leiar Lisbeth Hjortland
- Eldrerådet v/ nestleiar Berit Anita Knudtsen Larsen
- Ungdomsrådet hadde ikkje høve til å møta denne dagen

Andre orienteringar:

- Arbeidet med ulike løysingar for Kolltveit-Ågotnes v/Vestland fylkeskommune - John Martin Jacobsen
- Etablering av marint vern i Korsfjorden - Statsforvaltaren v/Stein Byrkjeland
- Kommuneplanen sin arealdel - Prosessavklaring v/Lisbeth Selstø og Kristin

Varaordfører Anita Garlid Johannessen er politisk kontakt i råda. Ho orienterte om rådsarbeidet i dei tre medverknadsråda.

Ordfører Tom Georg Indrevik orienterte om desse sakene:

KS toppmøte

Sist veke deltok ordføraren på KS toppmøte i Oslo saman med kommunedirektøren og varaordføraren.

Møtet hadde særleg fokus på utanfor-skap. Vi gav òg støtte til valløftet:

- Vi seier ja til faktabaserte og sanne debattar med open meningsutveksling.
- Vi vil bidra med openheit og kunnskap i diskusjonar.
- Vi skal halda ein sakleg og respektfull tone, også i digitale kanalar.
- Vi vil vera merksame på uønskt påverknad og feilinformasjon i den offentlege debatten.
- Vi seier nei til hets, mobbing, trakassering og personangrep.
- Vi skal visa respekt for synspunkta til kvarandre og ta avstand frå uakseptable ytringar mot alle folkevalde.
- Vi vil arbeida for at flest mogleg nyttar stemmeretten, og at alle røyster vert høyrd.
- Vi skal leggja til rette for større tillit mellom innbyggjarar og folkevalde.

Besøk i Nordlandia Svanevågen barnehage

Tysdag denne veka besøkte eg barnehagen Norlandia Svanevågen saman med Ernst Einarsen.

Foreldre har samla sett kåra denne barnehagen til den beste i kommunen. Vi fekk ei god omvising og høyrd om arbeidet deira, mellom anna korleis dei bruker nærleiken til sjøen i det pedagogiske

opplegget.

Det som gjorde størst inntrykk, var den tydelege stoltheita dei tilsette kjenner for arbeidsplassen sin.

Energimessa

Sist torsdag vart energimessa arrangert på Thon Senter på Sartor. Utvalsleiar Ernst Einarsen opna messa.

Dette er ei viktig møteplass for ein sektor som betyr mykje for kommunen vår og for vidare utvikling.

Årskonferansen til Offshore Norge i Oslo

I mars deltok vi på årskonferansen til Offshore Norge i Oslo.

Dette er ei sentral konferanse, både for landet og for oss som kommune. For mange innbyggjarar er dette ei avgjerande næring, og slik vil det vera i mange år framover.

Som statsministeren sa: *Vi skal utvikla, ikkje avvikla.*

Kickoff for reiselivsnæringa

Onsdag 11. mars møttest nær 80 aktørar til kickoff for reiselivsnæringa.

Det er gledeleg å sjå korleis denne næringa veks. Reiselivsnæringa er viktig i dag og har stort potensial framover.

Junior-NM i badminton

Tidlegare i månaden opna vi junior-NM for lag i badminton i Sotra Arena.

Til hausten skal vi òg vera vertskap for EM.

Båtruta til Geitanger

Vestnytt har skrive om eit forslag til finansiering for å vidareføra båtruta til Geitanger etter 1. juli.

Ordføraren ønskjer å løfta dette for lunsj og vurderer om vi skal invitera Vestland fylkeskommune til ein ny dialog.

Kommunedirektør Johnny Breivik orienterte om desse sakene:

- Kultur og idrettskveld
- Sjukefråvær
- Komande krav til tilfluktsrom
- Molo Viksøy
- Økonomisk status - årsavslutning
- Økonomisk utvikling 2026

Økonomisjef Anne Erdal orienterte om desse sakene:

- Årsrekneskap 2025
- Månadsrapport økonomi - februar 2026
- Avvikling av skattetrekkkonto
- Årsakene til resultat i februar

Det var ingen merknader til orienteringane.
Eventuelle presentasjonar vert lagt ved denne saka.

Votering

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret 26.03.2026 - saksnr. 021/26

Referatsaker og eventuelle orienteringar vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

022/26: Årsmelding 2025 - Råd for personar med funksjonsnedsetjing

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2025 for råd for personar med funksjonsnedsetjing, og tek ho til orientering slik ho ligg føre.

Råd for personar med funksjonsnedsetjing 21.01.2026

Behandling i møtet

RFF påpeikar noko skrivefeil og mindre endringer i årsplanen som er korrigert.

RFF vedtek årsplanen for 2025.

Votering

RFF vedtek årsplanen for 2025.

Vedtak i Råd for personar med funksjonsnedsetjing 21.01.2026 - saksnr. 005/26

RFF gir slik tilråding:

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2025 for råd for personar med funksjonsnedsetjing, og tek ho til orientering slik ho ligg føre.

Behandling i møtet

Votering

Kommunedirektøren sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret 26.03.2026 - saksnr. 022/26

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2025 for råd for personar med funksjonsnedsetjing, og tek ho til orientering slik ho ligg føre.

023/26: Årsmelding 2025 - Ungdomsrådet

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Kommunestyret vedtek årsmelding for ungdomsrådet 2025 slik den ligg føre.

Ungdomsrådet 20.01.2026

Retting av samansetjing av rådet Alva Betine Kilvik UR

Alva Betine Kilvik var leiar frå september og ut året
Eivind Økland var nestleiar, ikkje leiar
Amalie Stusdal var medlem siste halvdel av året.

Behandling i møtet

Votering

Endringsforslaget vart samrøystes vedteke og Årsmelding for ungdomsrådet 2025 vert retta opp før behandling i kommunestyret.

Vedtak i Ungdomsrådet 20.01.2026 - saksnr. 005/26

Ungdomsrådet gir slik tilråding:

Kommunestyret vedtek årsmelding for ungdomsrådet 2025 med rettingar slik det går fram av tilleggsforslaget i møtet.

Behandling i møtet

Votering

Kommunedirektøren sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret 26.03.2026 - saksnr. 023/26

Kommunestyret vedtek årsmelding for ungdomsrådet 2025 slik den ligg føre.

024/26: Årsmelding 2025 - Eldrerådet

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Kommunestyret godkjenner eldrerådet si årsmelding for 2025 og tek ho til orientering slik ho ligg føre.

Eldrerådet 19.02.2026

Tilleggsforslag frå eldrerådet

Informasjon om synfaring ved Fjell sjukeheim, Lokalmedisinsk senter, Terapibygget, Straume bu- og servicesenter vert lagt inn i årsmeldinga før den vert sendt til kommunestyret.

Behandling i møtet

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag samrøystes vedteke

Tilleggsforslag frå eldrerådet samrøystes vedteke

Vedtak i Eldrerådet 19.02.2026 - saksnr. 012/26

Eldrerådet godkjenner årsmeldinga si for 2025 og tek ho til orientering slik ho ligg føre med desse tilleggga:

Informasjon om synfaring ved Fjell sjukeheim, Lokalmedisinsk senter, Terapibygget, Straume bu- og servicesenter vert lagt inn i årsmeldinga før den vert sendt til kommunestyret.

Kommunestyret 26.03.2026

Behandling i møtet

Votering

Kommunedirektøren sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret 26.03.2026 - saksnr. 024/26

Kommunestyret godkjenner eldrerådet si årsmelding for 2025 og tek ho til orientering slik ho ligg føre.

025/26: Finansrapport 4. kvartal 2025 - pr 31.12.25

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Øygarden kommunestyre tek finansrapport per 31.12.2025 til orientering slik den ligg føre.

Formannskapet 24.03.2026

Behandling i møtet

Votering

Kommunedirektøren sitt forslag vart samrøystes tilrådd.

Vedtak i Formannskapet 24.03.2026 - saksnr. 020/26

Formannskapet har slik tilråding i saka:

Øygarden kommunestyre tek finansrapport per 31.12.2025 til orientering slik den ligg føre.

Kommunestyret 26.03.2026

Behandling i møtet

Votering

Kommunedirektøren sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret 26.03.2026 - saksnr. 025/26

Øygarden kommunestyre tek finansrapport per 31.12.2025 til orientering slik den ligg føre.

026/26: Evaluering av budsjettprosessen

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Kommunestyret vedtek budsjettprosess som vist i saka.

Formannskapet 24.03.2026

Endringsforslag Tom Georg Indrevik H

Kommunestyret meiner at god dialog med dei ulike fagorganisasjonane i kommunen er viktig for å driva kommunen på ein trygg og utviklande måte. Rollene mellom kommunen som arbeidsgivar og arbeidstakarane er regulerte i lovverk og avtalar.

Kommunestyret ønskjer ein open og inkluderande budsjettprosess.

Vi legg til grunn at kommunen skal involvera dei tillitsvalde i budsjettarbeidet gjennom dei administrative og partssamansette møtearenaene. Dette er i tråd med hovudavtala og prinsippet om tidleg involvering.

Deltaking frå tillitsvalde i politiske budsjettseminar skal berre handla om orientering og kunnskapsdeling.

Kommunelova seier at kommunedirektøren er den øvste administrative leiaren i kommunen. Han har rett og plikt til å leggja fram tilrådingar i alle saker og skal sikra forsvarlege utgreiingar.

Det er derfor viktig å halda eit tydeleg skilje mellom den politiske behandlinga som dei folkevalde gjer, og den opne og inkluderande prosessen som skjer i forkant.

1. Årshjul

(Tillegg til kommunedirektøren sitt forslag er lagt inn med feit skrift)

5. mai	Kvartalsrapport 1/2026, behandling i formannskapet
Medio mai	Kommuneproposisjonen 2027 og revidert nasjonalbudsjett 2026 Administrasjonen lagar notat om kva konsekvensar forslaga i nasjonalbudsjettet kan få for Øygarden kommune
9. juni	Rekneskap og årsmelding 2025, behandling i formannskapet
9. juni	Budsjettseminar 1- Formannskapet, utvalsleiarar, gruppeleiarar

	HTV for hovudsamanslutningane/ HVO blir invitert til i møte for å få oppdatert informasjon og følgje debatten. - Statistikk, folketal, demografiutvikling og Kostra - Utfordringsbilde - Øygarden 2040 - Økonomisk status og omstillingsbehov Kommunedirektøren presenterer dei viktigaste prioriteringane for komande år med grunnlag i vedtak frå kommunestyret –Styringssignal til kommunedirektøren
18. august	Kvartalsrapport 2/2026, behandling i formannskapet. Rapporten skal innehalde ei utvida og grunngjeven årsprognose.
September	Råda gir innspel til budsjettet.
22. september	Budsjettseminar 2- Formannskapet, utvalsleiarar, gruppeleiarar. HTV for hovudsamanslutningane/ HVO blir invitert til møtet for å få oppdatert informasjon og følgje debatten. Del 2 - Deltaking berre for medlemmene i formannskapet Del 1 - Oppdatert kunnskapsgrunnlag og behov for omstilling - Økonomiske rammer og handlingsrom Del 2 Vedtak om - Prioriteringar og styringssignal til kommunedirektøren
Primo oktober	Statsbudsjett 2027
5. november	Kommunedirektøren presenterar framlegg til budsjett 2027 og økonomiplan 2027-2030 i kommunestyret
6.-16. november	Kommunedirektøren legg fram budsjettsak til AMU og råda
17. november	Formannskapet behandlar budsjett 2027/ økonomiplan 2027-2030 og legg det ut på høyring Partia/grupperingane i kommunestyret presenterer sine framlegg som følgjer saka ut på høyring
20. november - 5. desember	Budsjett 2027/ økonomiplan 2027-2030 på høyring
7. desember	Kvartalsrapport 3/2026, behandling i formannskapet
10. desember	Kommunestyret behandlar og vedtek budsjett 2027 og økonomiplan 2027-2030

2. Kommunestyret vedtar at økonomiplanen skal innehalde oppdaterte handlingsplanar for alle tenestoområde og som inkluderer økonomiske konsekvensar

Behandling i møtet

Votering

Forslag frå Tom Georg Indrevik vart samrøystes tilrådd.

Vedtak i Formannskapet 24.03.2026 - saksnr. 021/26

Formannskapet har slik tilråding i saka:

Kommunestyret vedtek budsjettprosessen slik det er vist i saka med følgjande endringar:

Kommunestyret meiner at god dialog med dei ulike fagorganisasjonane i kommunen er viktig for å driva kommunen på ein trygg og utviklande måte. Rollene mellom kommunen som arbeidsgivar og arbeidstakarane er regulerte i lovverk og avtalar.

Kommunestyret ønskjer ein open og inkluderande budsjettprosess.

Vi legg til grunn at kommunen skal involvera dei tillitsvalde i budsjettarbeidet gjennom dei administrative og partssamansette møtearenaene. Dette er i tråd med hovudavtala og prinsippet om tidleg involvering.

Deltaking frå tillitsvalde i politiske budsjettseminar skal berre handla om orientering og kunnskapsdeling.

Kommunelova seier at kommunedirektøren er den øvste administrative leiaren i kommunen. Han har rett og plikt til å leggja fram tilrådingar i alle saker og skal sikra forsvarlege utgreiingar.

Det er derfor viktig å halda eit tydeleg skilje mellom den politiske behandlinga som dei folkevalde gjer, og den opne og inkluderande prosessen som skjer i forkant.

1. Årshjul

(Tillegg til kommunedirektøren sitt forslag er lagt inn med feit skrift)

5. mai	Kvartalsrapport 1/2026, behandling i formannskapet
Medio mai	Kommuneproposisjonen 2027 og revidert nasjonalbudsjett 2026 Administrasjonen lagar notat om kva konsekvensar forslaga i nasjonalbudsjettet kan få for Øygarden kommune
9. juni	Rekneskap og årsmelding 2025, behandling i formannskapet
9. juni	Budsjettseminar 1- Formannskapet, utvalsleiarar, gruppeleiarar HTV for hovudsamanslutningane/ HVO blir invitert til i møte for å få oppdatert informasjon og følgje debatten.

	- Statistikk, folketal, demografiutvikling og Kostra - Utfordringsbilde - Øygarden 2040 - Økonomisk status og omstillingsbehov Kommunedirektøren presenterer dei viktigaste prioriteringane for komande år med grunnlag i vedtak frå kommunestyret - Styringssignal til kommunedirektøren
18. august	Kvartalsrapport 2/2026, behandling i formannskapet. Rapporten skal innehalde ei utvida og grunngeven årsprognose.
September	Råda gir innspel til budsjettet.
22. september	Budsjettseminar 2- Formannskapet, utvalsleiarar, gruppeleiarar. HTV for hovudsamanslutningane/ HVO blir invitert til møtet for å få oppdatert informasjon og følgje debatten. Del 2 - Deltaking berre for medlemmene i formannskapet Del 1 - Oppdatert kunnskapsgrunnlag og behov for omstilling - Økonomiske rammer og handlingsrom Del 2 Vedtak om - Prioriteringar og styringssignal til kommunedirektøren
Primo oktober	Statsbudsjett 2027
5. november	Kommunedirektøren presenterar framlegg til budsjett 2027 og økonomiplan 2027-2030 i kommunestyret
6.-16. november	Kommunedirektøren legg fram budsjettsak til AMU og råda
17. november	Formannskapet behandlar budsjett 2027/ økonomiplan 2027-2030 og legg det ut på høyring Partia/grupperingane i kommunestyret presenterer sine framlegg som følgjer saka ut på høyring
20. november - 5. desember	Budsjett 2027/ økonomiplan 2027-2030 på høyring
7. desember	Kvartalsrapport 3/2026, behandling i formannskapet
10. desember	Kommunestyret behandlar og vedtek budsjett 2027 og økonomiplan 2027-2030

2. Kommunestyret vedtar at økonomiplanen skal innehalde oppdaterte handlingsplanar for alle tenestoområde og som inkluderer økonomiske konsekvensar

Kommunestyret 26.03.2026

Behandling i møtet

Det var 43 representantar under behandling av denne saka då Kenneth Hjortland (KrF) og Sølvi Kobbeltvedt (Sp) hadde permisjon.

Votering

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret 26.03.2026 - saksnr. 026/26

Kommunestyret vedtek budsjettprosessen slik det er vist i saka med følgjande endringar:

1. Kommunestyret meiner at god dialog med dei ulike fagorganisasjonane i kommunen er viktig for å driva kommunen på ein trygg og utviklande måte. Rollene mellom kommunen som arbeidsgivar og arbeidstakarane er regulerte i lovverk og avtalar.

Kommunestyret ønskjer ein open og inkluderande budsjettprosess.

Vi legg til grunn at kommunen skal involvera dei tillitsvalde i budsjettarbeidet gjennom dei administrative og partssamansette møtearenaene. Dette er i tråd med hovudavtala og prinsippet om tidleg involvering.

Deltaking frå tillitsvalde i politiske budsjettseminar skal berre handla om orientering og kunnskapsdeling.

Kommunelova seier at kommunedirektøren er den øvste administrative leiaren i kommunen. Han har rett og plikt til å leggja fram tilrådingar i alle saker og skal sikra forsvarlege utgreiingar.

Det er derfor viktig å halda eit tydeleg skilje mellom den politiske behandlinga som dei folkevalde gjer, og den opne og inkluderande prosessen som skjer i forkant.

2. Årshjul

5. mai	Kvartalsrapport 1/2026, behandling i formannskapet
Medio mai	Kommuneproposisjonen 2027 og revidert nasjonalbudsjett 2026 Administrasjonen lagar notat om kva konsekvensar forslaga i nasjonalbudsjettet kan få for Øygarden kommune
9. juni	Rekneskap og årsmelding 2025, behandling i formannskapet
9. juni	Budsjettseminar 1- Formannskapet, utvalsleiarar, gruppeleiarar

	HTV for hovudsamanslutningane/ HVO blir invitert til i møte for å få oppdatert informasjon og følge debatten. • Statistikk, folketal, demografiutvikling og Kostra • Utfordringsbilde • Øygarden 2040 • Økonomisk status og omstillingsbehov • Kommunedirektøren presenterer dei viktigaste prioriteringane for komande år med grunnlag i vedtak frå kommunestyret. Styringssignal til kommunedirektøren
18. august	Kvartalsrapport 2/2026, behandling i formannskapet. Rapporten skal innehalde ei utvida og grunngjeven årsprøgnose.
September	Råda gir innspel til budsjettet.
22. september	Budsjettseminar 2- Formannskapet, utvalsleiarar, gruppeleiarar. Del 1 - HTV for hovudsamanslutningane/ HVO blir invitert til møtet for å få oppdatert informasjon og følge debatten. Del 2 - Deltaking berre for medlemmene i formannskapet Del 1 • Oppdatert kunnskapsgrunnlag og behov for omstilling • Økonomiske rammer og handlingsrom Del 2 Vedtak om • Prioriteringar og styringssignal til kommunedirektøren
Primo oktober	Statsbudsjett 2027
5. november	Kommunedirektøren presenterer sitt framlegg til budsjett 2027 og økonomiplan 2027-2030 i kommunestyret
6.-16. november	Kommunedirektøren legg fram budsjettsak til AMU og råda
17. november	Formannskapet behandlar budsjett 2027/ økonomiplan 2027-2030 og legg det ut på høyring Partia/grupperingane i kommunestyret presenterer sine framlegg som følgjer saka ut på høyring
20. november - 5. desember	Budsjett 2027/ økonomiplan 2027-2030 på høyring

7. desember	Kvartalsrapport 3/2026, behandling i formannskapet
10. desember	Kommunestyret behandlar og vedtek budsjett 2027 og økonomiplan 2027-2030

3. Kommunestyret vedtar at økonomiplanen skal innehalde oppdaterte handlingsplanar for alle tenestoområde og som inkluderer økonomiske konsekvensar

027/26: Kjøp av aksjar - Stavanger2Bergen AS

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Øygarden kommune kjøper ein aksje i selskapet Stavanger2Bergen AS. Kostnaden på kr 20 000 vert finansiert ved bruk av ubundne investeringsfond.

Formannskapet 24.03.2026

Behandling i møtet

Votering

Forslag frå kommunedirektøren fekk 9 stemmer (H (4), KrF (1), SL-TVØ (1), KrF (1) INP (1), Espen Harkestad (Ap)) og vart tilrådd. 2 stemte mot innstillinga (Marianne Sandahl Bjørøy (Ap), SV (1))

Vedtak i Formannskapet 24.03.2026 - saksnr. 023/26

Formannskapet har slik tilråding i saka:

Øygarden kommune kjøper ein aksje i selskapet Stavanger2Bergen AS. Kostnaden på kr 20 000 vert finansiert ved bruk av ubundne investeringsfond.

Kommunestyret 26.03.2026

Endringsforslag Elisabeth H. K. Lie R

Øygarden kommune kjøper ingen aksjar i selskapet Stavanger2Bergen AS.

Behandling i møtet

Det var 43 representantar under behandling av denne saka då Kenneth Hjortland (KrF) og Sølvi Kobbeltvedt (Sp) hadde permisjon.

Votering

Tilråding frå formannskapet (lik kommunedirektøren sitt forslag) - fekk 32 stemmer (Espen Harkestad (Ap), FrP (7), H (14), INP (4), KrF (2), PP (1), SL-TVØ (3) og **vart vedteke**.

Endringsforslag frå Raudt - fekk 11 stemmer (R (1), SV (2), MDG (1), AP (6), V (1) og **fall**.

Vedtak i Kommunestyret 26.03.2026 - saksnr. 027/26

Øygarden kommune kjøper ein aksje i selskapet Stavanger2Bergen AS. Kostnaden på kr 20 000 vert finansiert ved bruk av ubundne investeringsfond.

028/26: RAN - søknad om forskottering/ forskotteringslån til slutføring av reguleringsplan moloprojekt

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Kommunestyret avslår søknad frå RAN seilforening om forskottering/ forskotteringslån til slutføring av reguleringsplan - moloprojekt.

Formannskapet 24.03.2026

Behandling i møtet

Habilitet

Marianne Sandahl Bjørøy (Ap) tok opp spørsmål om eigen habilitet, då mannen hennar har båtplass i RAN Seilforening og deltek på dugnadsarbeid der. Formannskapet vurderte saka og konkluderte samrøystes med at ho er habil.

Votering

Forslag frå kommunedirektøren vart samrøystes tilrådd.

Vedtak i Formannskapet 24.03.2026 - saksnr. 022/26

Formannskapet har slik tilråding i saka:

Kommunestyret avslår søknad frå RAN seilforening om forskottering/ forskotteringslån til slutføring av reguleringsplan - moloprojekt.

Utsetjingsforslag Anita Garlid Johannessen FrP

Saka vert usett. Kommunestyret ber om at saka blir oversendt Idrettsrådet for uttale.

Endringsforslag Marianne Sandahl Bjørøy Ap

Kommunestyret gir RAN seilforening eit rentefritt forskotteringslån på kr. 105.000 til ferdigstilling av moloprosjektet. Lånet skal tilbakebetales innan 10 år.

Behandling i møtet

Det var 43 representantar under behandling av denne saka då Kenneth Hjortland (KrF) og Sølvi Kobbeltvedt (Sp) hadde permisjon.

Votering

Utsetjingsforslaget frå Anita Garlid Johannessen (FrP) - fekk 12 stemmer (FrP (7), Børge Haugetun (SL-TVØ), Kjell Rune Garlid (SL-TVØ), PP (1), Robert Krondorfer (INP), Hege Glesnes (INP) og **fall**.

Tilrådinga frå formannskapet - fekk 9 stemmer (FrP (7), Stian Telle (H), PP (1)) og **fall**.

Forslag frå AP - fekk 34 stemmer (AP (7), SV (2), H (13), V (1), MDG (1), INP (4), R (1), KrF (2), SL-TVØ (3) og **vart vedteke**.

Vedtak i Kommunestyret 26.03.2026 - saksnr. 028/26

Kommunestyret gir RAN seilforening eit rentefritt forskotteringslån på kr. 105.000 til ferdigstilling av moloprosjektet. Lånet skal tilbakebetalast innan 10 år.

029/26: Forslag frå Regjeringa om ei midlertidig endring av alkohollova i samband med Fotball-VM 2026

Kommunedirektøren sine alternative forslag til vedtak

- Alternativ 1: Kommunestyret ønsker ikkje å endre gjeldande alkoholpolitisk handlingsplan pkt. 7.3.1 og tilhøyrande lokale forskrift, i anledning lovendringsforslaget for fotball-VM 2026.
- Alternativ 2: Kommunestyret ønsker å gjere endring i kommunen si skjenketid i samsvar med HOD sitt endringsframlegg, med atterhald om eit positivt vedtak i Stortinget. Endringsforslaget skal leggast ut på høyring i 2 veker, før saka skal til sluttbehandling i kommunestyret 07.05.26.
- Tilleggsvedtak: Kommunestyret gir følgande høyringsuttale:

Levekårsutvalet 04.03.2026

Alternativ 2 Ernst Morten Einarsen H

Kommunestyret ønsker å gjere endring i kommunen si skjenketid i samsvar med HOD sitt endringsframlegg, med atterhald om eit positivt vedtak i Stortinget. Endringsforslaget skal leggst ut på høyring i 2 veker, før saka skal til sluttbehandling i kommunestyret 07.05.26.

Alternativ 1 Helge Nilsen KrF

Alternativ 1: Kommunestyret ønsker ikkje å endre gjeldande alkoholpolitisk handlingsplan pkt. 7.3.1 og tilhøyrande lokale forskrift, i anledning lovendringsforslaget for fotball-VM 2026.

Behandling i møtet

Votering:

Kommunedirektøren sitt alternativ 1 fekk 1 stemme og fall (KrF)

Kommunedirektøren sitt alternativ 2 vart vedteke med 10 mot 1 stemme (fleirtal: H, FrP, Ap, SL/TVØ, Sp INP)

Vedtak i Levekårsutvalet 04.03.2026 - saksnr. 013/26

Levekårsutvalet gir tilråding om alternativ 2:

1. Kommunestyret ønsker å gjere endring i kommunen si skjenketid i samsvar med HOD sitt endringsframlegg, med atterhald om eit positivt vedtak i Stortinget. Endringsforslaget skal leggst ut på høyring i 2 veker, før saka skal til sluttbehandling i kommunestyret 07.05.26.
2. Kommunestyret gir følgande høyringsuttale:

Kommunestyret 26.03.2026

Alternativt forslag frå KRF, V Ingvill Kvalsnes Blom KrF

Kommunestyret vedtek følgande:

Kommunestyret ønsker ikkje å endre gjeldande alkoholpolitisk handlingsplan pkt. 7.3.1 og tilhøyrande lokale forskrift, i anledning lovendringsforslaget for fotball-VM 2026.

Behandling i møtet

Det var 45 representantar i møtet under behandling av denne saka.

Votering

Levekårsutvalet si tilråding - fekk 26 stemmer (AP (7), FrP (7), Tom Georg Indrevik (H), Ernst Einarsen (H), Synne Nordøy (H), Nils Kåre Skoge (H), Kjetil Søyland (H), Elisabeth Erichsen Sandvik (H), Beate Bjelland (H), Anita Vindenes (H), SL-TVØ (3), V (1)) og **vart vedteke**.

Alternativt forslag frå KrF og V - fekk 19 stemmer (KrF (3), V (1), PP (1), INP (4), Silvia Haugland (H), Robert Kaupang Sæle (H), Inge Kausland (H), Michael Sangolt (H), Rikard Toft Ledang (H), SV (2), MDG (1), SP (1), R (1)) og **fall**.

Vedtak i Kommunestyret 26.03.2026 - saksnr. 029/26

1. Kommunestyret ønsker å gjere endring i kommunen si skjenketid i samsvar med HOD sitt endringsframlegg, med atterhald om eit positivt vedtak i Stortinget. Endringsforslaget skal leggst ut på høyring i 2 veker, før saka skal til sluttbehandling i kommunestyret 07.05.26.

030/26: Høyringsuttale til NOU - Ein berekraftig kommunesektor

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Kommunestyret vedtek følgjande høyringsuttale til NOU 2026:1 *Ein berekraftig kommunesektor*:

1. Kommunestyret støttar hovudretninga i delrapport 1, med mindre statleg detaljstyring, meir rammestyring og større lokal handlefridom.
2. Kommunestyret meiner at forslaga om å flytta lærarnorma til kommunenivå, fjerna lovfesta profesjonskrav og innlemma øyremerka tilskot kan gi betre grunnlag for lokale prioriteringar og meir berekraftig ressursbruk.
3. Kommunestyret støttar forslaga om forenkla tilskots- og investeringsordningar, samanslåing av klima- og naturtilskot og heving av rapporteringsgrensa.
4. Kommunestyret meiner at grunnskoletilskotet bør avviklast for å sikra nøytrale og faglege vurderingar av skulestruktur.
5. Kommunestyret støttar behovet for forenkling av investeringstilskotet til omsorgsbustader og sjukeheimar.
6. Kommunestyret ber kommisjonen vurdere dei vidare temaa som kommunedirektøren løftar fram, særleg:
 - a. større lokal handlefridom til å prøva ut nye løysingar i samarbeid med partane
 - b. at digitalisering og teknologi må vere ein grunnplanke i styringsreforma
 - c. rom for integrerte førstelinjetenester
 - d. endringar i toppfinansieringsordninga
 - e. raskare godkjenning av utanlandsk kompetanse
7. Kommunestyret sluttar seg til dei samla vurderingane frå kommunedirektøren og oversender uttalen som høyringssvar.

Formannskapet 24.03.2026

Alternativt forslag - Nytt punkt 2 Jonas Aleksander Foldnes SV

2. Kommunestyret meiner at forslaga om å flytte lærarnorma til kommunenivå ikkje vil betre situasjonen i skulen, og ynskjer heller å helde ved norma for å sørge for gode arbeidshøve for både lærarane og elevane.

Alternativt forslag - Nytt punkt 4 Robert Lund INP

4. Kommunestyret meiner at grunnskuletilskotet må behaldast.

Behandling i møtet

Votering

Kommunedirektøren sitt forslag:

Punkt 1, 3, 5, 6, 7 vart samrøystes tilrådd.

Punkt 2 fekk 8 stemmer (H (4), FrP (1), SL-TVØ (1), Ap (2) og vart tilrådd.

Punkt 4 fekk 10 stemmer (H (4), FrP (1), KrF (1), SL-TVØ (1), SV (1), Ap (2) og vart tilrådd.

Alternativt forslag - Nytt punkt 2 frå Jonas Foldnes (SV) fekk 3 stemmer INP (1), SV (1), KrF (1) og fall.

Alternativt forslag - Nytt punkt 4 frå Robert Lund (INP) fekk 1 stemme (INP) og fall.

Vedtak i Formannskapet 24.03.2026 - saksnr. 019/26

Formannskapet har slik tilråding til kommunestyret

Kommunestyret vedtek følgjande høyringsuttale til NOU 2026:1 *Ein berekraftig kommunesektor*:

1. Kommunestyret støttar hovudretninga i delrapport 1, med mindre statleg detaljstyring, meir rammestyring og større lokal handlefridom.
2. Kommunestyret meiner at forslaga om å flytta lærarnorma til kommunenivå, fjerna lovfesta profesjonskrav og innlemma øyremerka tilskot kan gi betre grunnlag for lokale prioriteringar og meir berekraftig ressursbruk.
3. Kommunestyret støttar forslaga om forenkla tilskots- og investeringsordningar, samanslåing av klima- og naturtilskot og heving av rapporteringsgrensa.
4. Kommunestyret meiner at grunnskuletilskotet bør avviklast for å sikra nøytrale og faglege vurderingar av skulestruktur.
5. Kommunestyret støttar behovet for forenkling av investeringstilskotet til omsorgsbustader og sjukeheimar.

6. Kommunestyret ber kommisjonen vurderer dei vidare temaa som kommunedirektøren løftar fram, særleg:
 - a. større lokal handlefridom til å prøva ut nye løysingar i samarbeid med partane
 - b. at digitalisering og teknologi må vere ein grunnplanke i styringsreforma
 - c. rom for integrerte førstelinjetenester
 - d. endringar i toppfinansieringsordninga
 - e. raskare godkjenning av utanlandsk kompetanse
7. Kommunestyret sluttar seg til dei samla vurderingane frå kommunedirektøren og oversender uttalen som høyringssvar.

Kommunestyret 26.03.2026

Lærarnorma knytt til høyringsuttalen - Spørsmål med svar Symphorien Pombe SV

1. Manglande dokumentert effekt av lærarnorma:

- **Kva betyr manglande dokumentert effekt?**

Svar: I saka viser kommunedirektøren til KS sitt høyringssvar, der KS peikar på at dagens lærarnorm ikkje har gitt målbar effekt på elevane si læring, trivsel eller lærarmiljø hos. Det betyr ikkje at fleire lærarar ikkje kan ha positiv effekt, men at den nasjonale norma i seg sjølv – slik ho er utforma – ikkje har vist klare resultat i forskning. Det er med andre ord ikkje funnet årsakssamanhengar som kan tilskrivast norma åleine.

- **Er fråvær av dokumentert effekt det same som at norma ikkje fungerer?**

Svar: Nei. Fråvær av dokumentert effekt betyr at forskinga ikkje kan slå fast at norma har vore utslagsgivande. Det betyr heller ikkje at lærartettleik er uviktig. Det KS peiker på, er at ei norm på skulenivå ikkje automatisk gir betre læring og trivsel.

2. Risiko for ressurskutt ved meir lokal fleksibilitet

- **Kva mekanismar skal hindre at fleksibiliteten blir brukt som reelt kutt?**

Svar: I saka vert det vist til at ei lærarnorm på kommunenivå krev god lokal styringskompetanse. Her har kommunen fleire mekanismar for å hindra at fleksibiliteten blir brukt som kutt:

1. Kommunestyret sin styringsrett: Politikarane vedtek rammer og prioriteringar årleg. Dersom staten endrar styringsmodellen, er det framleis kommunestyret som avgjer nivå på tenester.
2. Krav om forsvarleg opplæring: Opplæringslova stiller framleis krav til kvalitet, tidleg innsats og tilpassa opplæring – desse kan ikkje reduserast gjennom lokal fleksibilitet.

3. Openheit om ressursfordeling og tildelingskriterium: Øygarden kommune har utvikla ein ressurstildelingsmodell, basert på ulike kriterium som skal sikra forsvarlegheit og at minstekrav til opplæring blir oppfylt.
4. Partssamarbeid: Endringar i ressursbruk, organisering og tildelingskriterium blir handsama i dialog med tilsette og tillitsvalde.

- **Kva tryggleik har tilsette og elevar for at fleksibiliteten ikkje blir eit sparegrep?**

Svar: Fleksibiliteten gir lokal prioritering, men kommunen er framleis bunden av:

- lovkrav om forsvarleg opplæring
- kommunestyret sine årlege budsjettvedtak
- politiske føringar for kvalitet og likeverd
- krav til kompetanse og tidleg innsats i opplæringslova

3. Likeverd mellom små og store skular

- **Korleis vil kommunen sikra likeverd dersom lærarnorma blir fjerna eller flytta?**

Svar: Ei eventuell norm på kommunenivå gir *større* moglegheit til å sikra likeverd, fordi kommunen då kan:

- tilpassa ressursane til faktiske behov, til dømes sosioøkonomiske utfordringar
- setja inn ekstra kapasitet i fagmiljø som slit mest
- styra rekruttering og ressursar meir heilskapleg

Dette er også bakgrunnen for det som står i saka - fleksibilitet kan gi betre berekraft i ein kommune med både store og små skulemiljø.

- **Korleis unngå at små skular blir taparar?**

Svar: Små skular kan vernast gjennom:

- fordeling basert på levekårsdata og behov
- politiske vedtak om kvalitetsstandardar
- langsiktige vurderingar av skulestruktur uavhengig av økonomiske insentiv (jf. kommunedirektøren si vurdering om avvikling av grunnskoletilskotet)

Poenget med flytting av norma er nettopp å unngå mekanisk ressursdeling som ikkje tek omsyn til lokale forhold ved den enkelte skule.

4. Risiko for at budsjett igjen styrer meir enn barnets beste

- **Vil kommunen risikere ein tilbakegang til for låg lærartettleik?**

Svar: Kommunestyret styrer framleis ressursnivået – sjølv om staten endrar modellen. Den demokratiske kontrollen ligg lokalt, og rammestyring byggjer på prinsippet om at midlar må følgja ansvar. I saka vert det også vist til at gruppeinnspela frå kommunestyret i februar viser at det er brei semje om at kvalitet, rettar og likeverd skal vera godt ivaretekne uavhengig av endringar i styringssystemet.

Det betyr at barnets beste framleis ligg til grunn – men at kommunen kan bruka ressursane meir målretta enn det som er mogleg innanfor dagens lærarnorm.

5. Statleg detaljstyring vs. barn sine behov

• Kva veg tyngst – barn sine behov eller mindre statleg detaljstyring?

Svar: Barn sine behov veg alltid tyngst. Det er ikkje eit motsetnadsforhold. Poenget i NOU-en og kommunedirektøren si vurdering er at for mykje statleg detaljstyring kan svekka evna til å gi gode tenester, fordi:

- kommunar har ulike behov
- detaljkrav kan flytta ressursar bort frå dei som treng dei mest
- små endringar i lovverk kan gi store og dyre utslag lokalt

Målet med å flytta lærarnorm til kommunenivå er ikkje mindre kvalitet, men meir målretta prioritering.

• Er det eit problem at staten sikrar minimum lærartettleik?

Svar: Det er ikkje eit problem i seg sjølv. Utfordringa er at den noverande norma kan vera lite treffsikker fordi den styrer etter tal elev per skule, og ikkje etter behova på den enkelte skule. I ei tid med stramt økonomisk handlingsrom meiner kommunedirektøren at det blir viktig å sikra at vi brukar ressursane våre der behovet er størst, til dømes der vi har skular med høgst levekårsutfordringar.

Å flytta norma til kommunenivå handlar om å sikra kvalitet gjennom betre prioritering – ikkje å svekka tryggleik for elevane. Kommunedirektøren vil også presisera at ressursramma framleis er den same, men at flytting av lærarnorma til kommunenivå inneber at kommunestyret kan gjera lokale prioriteringar av ressursfordelinga.

Endringsforslag punkt 2 frå V, KrF, SV Elizabeth Toft Erichsen V

2. Kommunestyret meiner det er viktig å halde fast ved nasjonale krav som sikrar kvalitet, føreseielegheit og fagleg forsvarlege tenester i oppvekst og helse. Lærarnorma på skulenivå bør vidareførast, fordi ho sikrar stabil minstebemanning, gjev betre grunnlag for planlegging og bidreg til ein trygg og god skulekvardag for elevane. Behovet for lokal fleksibilitet må i staden møtast med styrka kommuneøkonomi, ikkje ved å opne for lågare lærartettleik.

Endringsforslag punkt 2 frå Raudt - FORSLAGET VART TREKT Elisabeth H. K. Lie R

2. Kommunestyret meiner at lærarnorma skal vere på skulenivå, halde fast på kompetansekrav i helse og omsorg, og at ein ikkje kan innlemme øyremerka tilskot utan friske midlar frå staten.

Endringsforslag punkt 4 frå INP Hege Renathe Glesnes INP

4. Kommunestyret meiner at grunnskuletilskotet må behaldast.

Tilleggsforslag - Nytt punkt frå Raudt Elisabeth H. K. Lie R

Kommunestyret vil halde fast på kompetansekrav i helse og omsorg, og at ein ikkje kan innlemme øyremerka tilskot utan friske midlar frå staten.

Behandling i møtet

Det var 44 representantar under behandling av denne saka då Sverre Myrekrok (INP) hadde permisjon.

Votering

Tilråding frå formannskapet (lik kommunedirektøren sitt forslag):

Punkt 1 - Samrøystes vedteke

Punkt 2 - Fekk 24 stemmer (Espen Harkestad (Ap), Marianne S. Bjorøy (Ap), PP (1), H (13), Anita Garlid Johannessen (FrP), Svein Otto Jacobsen (FrP), Kristin Børve Jacobsen (FrP), Christian Daae-Hansen (FrP), Anfinn Feng (FrP), SL-TVØ (3) og **vart vedteke**

Punkt 3 - Samrøystes vedteke

Punkt 4 - Fekk 38 stemmer (AP (6), MDG (1), PP (1), SV (2), H (14), FrP (7), SL-TVØ (3), V (1), KrF (3)) og vart **vedteke**

Punkt 5 - Samrøystes vedteke

Punkt 6 - Samrøystes vedteke

Punkt 7 - Samrøystes vedteke

Endringsforslag - punkt 2 frå V, SV, KrF - fekk 20 stemmer (V (1), KrF (3), SV (2), SP (1), INP (3), MDG (1), R (1), Anita Hellesø (Ap), Rebekka Moldøen (Ap), Stian Oen (Ap), Silje Ulveseth (Ap), Elisabeth Erichsen Sandvik (H), Marit Fjæreide (FrP), Sølvi Schei (FrP), Espen Cornell Jakobsen (Ap)) og **fall**

Endringsforslag - punkt 4 frå INP - fekk 6 stemmer (INP (3), R (1), SP (1), Stian Oen (Ap)) og **fall**

Tilleggsforslag - nytt punkt frå Raudt - fekk 5 stemmer (INP (3), R (1), SP (1)) og **fall**

Vedtak i Kommunestyret 26.03.2026 - saksnr. 030/26

Kommunestyret vedtek følgjande høyringsuttale til NOU 2026:1 *Ein berekraftig kommunesektor*:

1. Kommunestyret støttar hovudretninga i delrapport 1, med mindre statleg detaljstyring, meir rammestyring og større lokal handlefridom.
2. Kommunestyret meiner at forslaga om å flytta lærarnorma til kommunenivå, fjerna lovfesta profesjonskrav og innlemma øyremerkta tilskot kan gi betre grunnlag for lokale prioriteringar og meir berekraftig ressursbruk.
3. Kommunestyret støttar forslaga om forenkla tilskots- og investeringsordningar, samanslåing av klima- og naturtilskot og heving av rapporteringsgrensa.
4. Kommunestyret meiner at grunnskoletilskotet bør avviklast for å sikra nøytrale og faglege vurderingar av skulestruktur.
5. Kommunestyret støttar behovet for forenkling av investeringstilskotet til omsorgsbustader og sjukeheimar.
6. Kommunestyret ber kommisjonen vurdere dei vidare temaa som kommunedirektøren løftar fram, særleg:
 - a. større lokal handlefridom til å prøva ut nye løysingar i samarbeid med partane
 - b. at digitalisering og teknologi må vere ein grunnplanke i styringsreforma
 - c. rom for integrerte førstelinjetenester
 - d. endringar i toppfinansieringsordninga
 - e. raskare godkjenning av utanlandsk kompetanse
7. Kommunestyret sluttar seg til dei samla vurderingane frå kommunedirektøren og oversender uttalen som høyringssvar.

031/26: Gamle Glesnes barnehage – politisk avklaring av vidare bruk

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

1. Kommunestyret viser til tidlegare vedtak om sal av Gamle Glesnes barnehage og opprettheld vedtak om at eigedomen ikkje skal seljast før arealføremålet er avklart i arealdelen til kommuneplanen.
2. Kommunedirektøren skal sikra bygga så langt økonomiske rammer tillèt det for å avgrensa vidare forfall.

Plan- og miljøutvalet 05.03.2026

Endringsforslag frå H, KrF, Frp og SL-TVØ Michael Sangolt H

Plan- og miljøutvalet har slik tilråding i saka:

1. Kommunestyret vedtek at kommunedirektøren gjev Øygarden bustadforvaltning KF disposisjonsrett til å foreta tiltak som i hovudsak gjeld utvendig rehabilitering og arbeid som stansar vidare forfall.
2. Det vert oppmoda til at eigedomen gjennom ny arealdel til kommuneplanen (KPA) vert vurdert endra til arealføremål *bustad* og avhenda til ØKF.

Behandling i møtet

Josefine Gjertine Bergstrøm fekk permisjon under behandling av denne saka.

Habilitet

Symphorien Pombe (SV) retta førespurnad om ugildskap jamfør forvaltningslova § 6. 2. ledd, då han har er tredje vara til styre i Øygarden bustadforvaltning KF. Førespurnad vart samrøystes innvilga. Det var 9 representantar tilbake i møtet under behandling av denne saka.

Votering

Forslaget frå kommunedirektøren fekk 2 stemmer (Ap 2) og fall

Endringsforslaget frå H, KrF, SL-TVØ og FrP fekk 7 stemmer (H 4, SL-TVØ 1, FrP 1, INP 1) og vart tilrådd

Vedtak i Plan- og miljøutvalet 05.03.2026 - saksnr. 018/26

Plan- og miljøutvalet har slik tilråding i saka:

1. Kommunestyret vedtek at kommunedirektøren gjev Øygarden bustadforvaltning KF disposisjonsrett til å foreta tiltak som i hovudsak gjeld utvendig rehabilitering og arbeid som stansar vidare forfall.
2. Det vert oppmoda til at eigedomen gjennom ny arealdel til kommuneplanen (KPA) vert vurdert endra til arealføremål *bustad* og avhenda til ØKF.

Kommunestyret 26.03.2026

Endringsforslag frå H, FrP, KrF, SL-TVØ, PP, V Nils Kåre Skoge H

Kommunestyret vedtek:

1. Øygarden bustadforvaltning KF får rett til å disponera gamle Glesnes barnehage for å ta bygget i bruk som bustad for grupper som har behov for det.
2. For eigedomen må det eventuelt søkjast om mellombels endra bruk fram til vedtak av ny arealdel til kommuneplanen.

3. Kva for grupper som nytta bustaden må gjerast i tett dialog med forvaltninga i kommunen.

Behandling i møtet

Robert Kaupang Sæle (H) og Sverre Myrekrok (INP) hadde permisjon frå møtet under behandling av denne saka.

Habilitet

Nina Glesnes (SL-TVØ) retta førespurnad om habilitet etter forvaltningslova § 6 andre ledd, då ho er styreleiar i Øygarden bustadforvaltning KF.

Hege Renate Glesnes (INP) retta førespurnad om habilitet etter forvaltningslova § 6 andre ledd, då ho er medlem av styret i Øygarden bustadforvaltning KF.

Førespurnadene vart samrøystes tekne til følgje.

Symphorien Pombe (SV) retta òg førespurnad om habilitet, då han er varamedlem til styret. Han har så langt ikkje møtt i styremøte og er difor vurdert som habil.

Det var 41 representantar att i møtet under behandlinga av saka.

Votering

Kommunedirektøren sitt forslag fall.

Plan- og miljøutvalet si tilråding fall.

Forslag frå H, FrP, KrF, SL-TVØ, PP, V vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret 26.03.2026 - saksnr. 031/26

Kommunestyret vedtek:

1. Øygarden bustadforvaltning KF får rett til å disponera gamle Glesnes barnehage for å ta bygget i bruk som bustad for grupper som har behov for det.
2. For eigedomen må det eventuelt søkjast om mellombels endra bruk fram til vedtak av ny arealdel til kommuneplanen.
3. Kva for grupper som nytta bustaden må gjerast i tett dialog med forvaltninga i kommunen.

032/26: Ny organisering av SFO og ferie- SFO - revidert etter bestilling i kommunestyret 11.02.26

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

1. Kommunestyret vedtek endring i organiseringa av skulefritidsordninga (SFO og ferie-SFO) i Øygarden kommune i samsvar med forslag nr. 2, med verknad frå skuleåret 2026-27.

2. Vedtektene for skulefritidsordninga som er gjeldande per i dag, blir endra i samsvar med saksframlegget og innarbeida i Forskrift for skulefritidsordninga (SFO) i Øygarden kommune. Forskrift for skulefritidsordninga (SFO) i Øygarden kommune vert lagt fram som ei eiga sak.

Levekårsutvalet 04.03.2026

Tilleggsforslag - Nytt punkt 3 Ernst Morten Einarsen H

3. LKU ber om at administrasjonen etter sommaren kjem attende med ei evaluering av ferie-SFO.

Behandling i møtet

Votering

Punkt 1 i kommunedirektøren si innstilling med forslag 2 vart sett opp mot forslag 3 i saksutgreiinga. Punkt 1 vart samrøystes vedteke med forslag 3.

Punkt 2 vart samrøystes vedteke

Nytt punkt 3 frå Ernst Morten Einarsen (H) vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Levekårsutvalet 04.03.2026 - saksnr. 015/26

Levekårsutvalet gir slik tilråding:

1. Kommunestyret vedtek endring i organiseringa av skulefritidsordninga (SFO og ferie-SFO) i Øygarden kommune i samsvar med forslag nr. 3 med verknad frå skuleåret 2026-27.
2. Vedtektene for skulefritidsordninga som er gjeldande per i dag, blir endra i samsvar med saksframlegget og innarbeida i Forskrift for skulefritidsordninga (SFO) i Øygarden kommune. Forskrift for skulefritidsordninga (SFO) i Øygarden kommune vert lagt fram som ei eiga sak.
3. LKU ber om at administrasjonen etter sommaren kjem attende med ei evaluering av ferie-SFO.

Kommunestyret 26.03.2026

Behandling i møtet

Votering

Tilrådinga frå levekårsutvalet vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret 26.03.2026 - saksnr. 032/26

1. Kommunestyret vedtek endring i organiseringa av skulefritidsordninga (SFO og ferie-SFO) i Øygarden kommune i samsvar med alternativ nr. 3 med verknad frå skuleåret 2026-27.

Hovudendringar i alternativ 3:

- Behalde dagens løysing med 10 månader og at SFO følgjer skuleruta
- Opningstid som i dag, kl. 07.00 - 16.30
- Redusere tal på plasstypar i ordinær SFO frå 7 til 3 opphald
- Påmelding til ferie-SFO som i dag i haust-, vinter- og sommarferie
- Auke tal på skular som har tilbod om SFO i skuleferiane frå 6 til 9 skular
- Elevane høyrer til faste SFO-krinsar i ferieperiodane
- Opningstid i Ferie-SFO, kl. 07.30 – 16.00

Dette inneber at ordinær SFO vert tilbydd i 10 månader, medan påmelding til ferie-SFO framleis skjer for haust-, vinter- og sommarperiodane. Berre dei som nyttar ferietilbodet betaler for det. SFO følgjer skuleruta og er stengd i juli, jule- og påskeferiane, som i dag.

2. Vedtektene for skulefritidsordninga som er gjeldande per i dag, blir endra i samsvar med saksframlegget og innarbeida i Forskrift for skulefritidsordninga (SFO) i Øygarden kommune. Forskrift for skulefritidsordninga (SFO) i Øygarden kommune vert lagt fram som ei eiga sak.

3. Kommunestyret ber administrasjonen kome attende til levekårsutvalet med ei evaluering av ferie-SFO etter sommaren.

033/26: Ny skule på Skålevik - avklaringar for fase 1

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Plan- og miljøutvalet vedtek at:

1. Ny skule på Skålevik vert dimensjonert for 150 elevar.
2. Skulen vert bygd med idrettshall tilsvarende volleyballhall.
3. Skulen skal stå ferdig i 2029, med oppstart av skuledrift frå hausten 2030.
4. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere naudsynte prioriteringar og tilpassingar for å sikre at prosjektet vert gjennomført innanfor ei samla investeringsramme på 200 MNOK.

Levekårsutvalet vedtek at:

Levekårsutvalet tek saka til orientering

Levekårsutvalet 04.03.2026

Behandling i møtet

Votering:

Innstillinga som levekårsutvalet skal gjere vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Levekårsutvalet 04.03.2026 - saksnr. 016/26

Levekårsutvalet gir slik tilråding:

Levekårsutvalet tek saka til orientering.

Plan- og miljøutvalet 05.03.2026

Involvering Anfinn Hammer Feng FrP

PMU ber om at kommunalt råd for funksjons nedsatte blir involvert tidlig i prosjektet slik at universell utforming blir en naturlig del av planarbeidet og løsninger både i inne og ute areal samt hall

Endringsforslag frå H, KrF, Frp og SL-TVØ Michael Sangolt H

Plan- og miljøutvalet har slik tilråding i saka:

1. Utvalet viser til vedtak i kommunestyret, sak 092/25. Dette vedtaket skal leggjast til grunn for endeleg utforming av prosjektet for nye Vestsida skule med følgjande endringar;
 - Skulebygget skal ha plass til 200 elevar.
 - Det skal leggjast til grunn ein hall som er dimensjonert som ein fleirbrukshall, i tråd med innspel frå idrettsrådet.
2. Dersom det etter anbudsprosessen viser seg at kostnadsramma går utover den vedtekne ramma i budsjettet, skal saka koma tilbake til kommunestyret.
3. Til kommunestyret skal administrasjonen legge fram eit notat med vurderingar om det ovannevnte vil utløyse eit mogleg plankrav.

Behandling i møtet

Orienteringar

Saksbehandlar Christian Alsaker orienterte om saka og svarte på spørsmål frå utvalet. Presentasjon er lagt ved saka

Votering

Forslaget frå kommunedirektøren fekk 4 stemmer (Ap 2, SV 1, INP 1) og fall

Endringsforslaget frå H, KrF, SL-TVØ og FrP fekk 7 stemmer (H 4, KrF 1, SL-TVØ 1, FrP 1) og vart vedteke

Tilleggsforslag frå Anfinn Feng (H) vart ikkje votert over.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet 05.03.2026 - saksnr. 016/26

Plan- og miljøutvalet har slik tilråding i saka:

1. Utvalet viser til vedtak i kommunestyret, sak 092/25. Dette vedtaket skal leggjast til grunn for endeleg utforming av prosjektet for nye Vestsida skule med følgjande endringar;
 - Skulebygget skal ha plass til 200 elevar.
 - Det skal leggjast til grunn ein hall som er dimensjonert som ein fleirbrukshall, i tråd med innspel frå idrettsrådet.
2. Dersom det etter anbudsprosessen viser seg at kostnadsramma går utover den vedtekne ramma i budsjettet, skal saka koma tilbake til kommunestyret.
3. Til kommunestyret skal administrasjonen legge fram eit notat med vurderingar om det ovannevnte vil utløyse eit mogleg plankrav.

Kommunestyret 26.03.2026

Alternativt forslag frå H, FrP, KrF, SL-TVØ, PP, V Nils Kåre Skoge H

1. Kommunestyret vedtek at det skal byggjast ny skule for 150 elevar, inklusiv spesialrom, på Skålevik
2. Det skal startast regulering av området for å kunna byggja fleirbrukshall og framtidig utviding av skulen på Skålevik til 450 elevar.
3. Ved utlysing av konkurranse skal bygging av fleirbrukshall inngå som opsjon, slik at den rask kan løysast ut når reguleringsplanen er godkjend
4. Kommunedirektøren får fullmakt til å gå i forhandlingar om å kjøpa det tilstøytane tilleggsarealet som er naudsynt for prosjektet.
5. Dersom totalkostnaden kjem over ramma på 200 mill. skal saka attende til kommunestyret for ny handsaming.

Tilleggsforslag frå MDG - Nytt punkt 7 Andreas Ormevik MDG

7. Kommunestyret ber om ei avklaring om korleis finansieringa av ny skule på Skålevik vil påverke driftsbudsjettet i kommunen, særskild innan kommunalområde oppvekst.

Behandling i møtet

Det var 40 representantar under behandling av denne saka. Anita Hellesø (Ap), Sølvi Kobbeltvedt (Sp), Sverre Myrekrok (INP), Robert Kaupang Sæle (H), og Stian Telle (H) hadde permisjon frå møtet.

Votering

Kommunedirektøren sitt forslag:

Punkt 1 - Fall.

Punkt 2 - Fekk 13 stemmer (AP (6), INP (3), MDG (1), R (1), SV (2)) og fall.

Punkt 3 - Samrøystes **vedteke**.

Punkt 4 - Fekk 13 stemmer (AP (6), INP (3), MDG (1), R (1), SV (2)) og **fall**.

Alternativt forslag frå H, KrF, FrP, SL-TVØ, PP, V:

Punkt 1 - Samrøystes **vedteke**.

Punkt 2 - Fekk 27 stemmer (FrP (7), (H (12), SL-TVØ (3), V (1), KrF (3), PP (1)) og vart **vedteke**.

Punkt 3 - Fekk 27 stemmer (FrP (7), (H (12), SL-TVØ (3), V (1), KrF (3), PP (1)) og vart **vedteke**.

Punkt 4 - Fekk 27 stemmer (FrP (7), (H (12), SL-TVØ (3), V (1), KrF (3), PP (1)) og vart **vedteke**.

Punkt 5 - Samrøystes **vedteke**.

Tilleggsforslag frå MDG - nytt punkt 7 - Samrøystes **vedteke**

Vedtak i Kommunestyret 26.03.2026 - saksnr. 033/26

1. Kommunestyret vedtek at det skal byggjast ny skule for 150 elever, inklusiv spesialrom, på Skålevik
2. Det skal startast regulering av området for å kunna byggja fleirbrukshall og framtidig utviding av skulen på Skålevik til 450 elevar.
3. Ved utlysing av konkurranse skal bygging av fleirbrukshall inngå som opsjon, slik at den rask kan løysast ut når reguleringsplanen er godkjend
4. Kommunedirektøren får fullmakt til å gå i forhandlingar om å kjøpa det tilstøytane tilleggsarealet som er naudsynt for prosjektet.
5. Dersom totalkostnaden kjem over ramma på 200 mill. skal saka attende til kommunestyret for ny handsaming.
6. Skulen skal stå ferdig i 2029, med oppstart av skuledrift frå hausten 2030.
7. Kommunestyret ber om ei avklaring om korleis finansieringa av ny skule på Skålevik vil påverke driftsbudsjettet i kommunen, særskild innan kommunalområde oppvekst.

034/26: Nytt vertskommunesamarbeid om barnevernsvakt

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

1. Kommunestyret vedtek å etablera samarbeid med Bergen kommune om barnevernsvakt så snart som mogleg.
2. Kommunestyret gjev kommunedirektøren fullmakt til å forhandla og inngå avtalen, og til å leggja til rette nødvendige rutinar for samarbeidet.
3. Kommunestyret vedtek at meirkostnaden og eventuelle budsjettjusteringar skal førast inn i samband med behandling av andre kvartalsrapport.

Levekårsutvalet 04.03.2026

Behandling i møtet

Votering

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Levekårsutvalet 04.03.2026 - saksnr. 012/26

Levekårsutvalet gir slik tilråding:

1. Kommunestyret vedtek å etablera samarbeid med Bergen kommune om barnevernsvakt så snart som mogleg.
2. Kommunestyret gjev kommunedirektøren fullmakt til å forhandla og inngå avtalen, og til å leggja til rette nødvendige rutinar for samarbeidet.
3. Kommunestyret vedtek at meirkostnaden og eventuelle budsjettjusteringar skal førast inn i samband med behandling av andre kvartalsrapport.

Formannskapet 24.03.2026

Behandling i møtet

Votering

Levekårsutvalet si innstilling (lik kommunedirektøren sitt forslag) vart samrøystes tilrådd.

Vedtak i Formannskapet 24.03.2026 - saksnr. 018/26

Formannskapet har slik tilråding i saka:

1. Kommunestyret vedtek å etablera samarbeid med Bergen kommune om barnevernsvakt så snart som mogleg.
2. Kommunestyret gjev kommunedirektøren fullmakt til å forhandla og inngå avtalen, og til å leggja til rette nødvendige rutinar for samarbeidet.
3. Kommunestyret vedtek at meirkostnaden og eventuelle budsjettjusteringar skal førast inn i samband med behandling av andre kvartalsrapport.

Behandling i møtet

Det var 40 representantar under behandling av denne saka. Anita Hellesø (Ap), Sølvi Kobbeltvedt (Sp), Sverre Myrekrok (INP), Robert Kaupang Sæle (H), og Stian Telle (H) hadde permisjon frå møtet.

Votering

Tilråding frå formannskapet (lik kommunedirektøren sitt forslag) vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret 26.03.2026 - saksnr. 034/26

1. Kommunestyret vedtek å etablera samarbeid med Bergen kommune om barnevernsvakt så snart som mogleg.
2. Kommunestyret gjev kommunedirektøren fullmakt til å forhandla og inngå avtalen, og til å leggja til rette nødvendige rutinar for samarbeidet.
3. Kommunestyret vedtek at meirkostnaden og eventuelle budsjettjusteringar skal først inn i samband med behandling av andre kvartalsrapport.

035/26: Forsvarsforum Vestland Interkommunalt politisk råd (IPR) – deltaking og godkjenning av samarbeidsavtale

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Øygarden kommunestyre vedtek:

1. Øygarden kommune deltek som medlem i Forsvarsforum Vestland IPR.
2. Øygarden kommune sluttar seg til samarbeidsavtalen for Forsvarsforum Vestland IPR slik den ligg føre som vedlegg til saka.
3. Ordføraren vert vald som kommunen sin representant i representantskapet, og varaordføraren som vara.
4. Kommunedirektøren får ansvar for den administrative oppfølginga av kommunen si deltaking i Forsvarsforum Vestland IPR.

Formannskapet 24.03.2026

Behandling i møtet

Votering

Forslag frå kommunedirektøren vart samrøystes tilrådd.

Vedtak i Formannskapet 24.03.2026 - saksnr. 024/26

Formannskapet har slik tilråding i saka:

Øygarden kommunestyre vedtek:

1. Øygarden kommune deltek som medlem i Forsvarsforum Vestland IPR.
2. Øygarden kommune sluttar seg til samarbeidsavtalen for Forsvarsforum Vestland IPR slik den ligg føre som vedlegg til saka.
3. Ordføraren vert vald som kommunen sin representant i representantskapet, og varaordføraren som vara.
4. Kommunedirektøren får ansvar for den administrative oppfølginga av kommunen si deltaking i Forsvarsforum Vestland IPR.

Kommunestyret 26.03.2026

Behandling i møtet

Det var 40 representantar under behandling av denne saka. Anita Hellesø (Ap), Sølvi Kobbeltvedt (Sp), Sverre Myrekrok (INP), Robert Kaupang Sæle (H), og Stian Telle (H) hadde permisjon frå møtet.

Votering

Formannskapet til tilråding (lik kommunedirektøren sitt forslag) vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret 26.03.2026 - saksnr. 035/26

Øygarden kommunestyre vedtek:

1. Øygarden kommune deltek som medlem i Forsvarsforum Vestland IPR.
2. Øygarden kommune sluttar seg til samarbeidsavtalen for Forsvarsforum Vestland IPR slik den ligg føre som vedlegg til saka.
3. Ordføraren vert vald som kommunen sin representant i representantskapet, og varaordføraren som vara.
4. Kommunedirektøren får ansvar for den administrative oppfølginga av kommunen si deltaking i Forsvarsforum Vestland IPR.

036/26: Årsmelding 2025 for kontrollutvalet i Øygarden kommune

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

1. Kommunestyret vedtar årsmelding 2025 for kontrollutvalet i Øygarden kommune.

Kommunestyret 26.03.2026

Behandling i møtet

Det var 40 representantar under behandling av denne saka. Anita Hellesø (Ap), Sølvi Kobbeltvedt (Sp), Sverre Myrekrok (INP), Robert Kaupang Sæle (H), og Stian Telle (H) hadde permisjon frå møtet.

Votering

Kommunedirektøren sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret 26.03.2026 - saksnr. 036/26

1. Kommunestyret vedtar årsmelding 2025 for kontrollutvalet i Øygarden kommune.

037/26: Fritak frå politiske verv - nyval ved fritak 2026-2027

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Fritak

Kommunestyret vedtek å gje fritak for Egil Haaland sine verv frå 26.03.26 (vedtaksdato), og for resten av kommunestyreperioden 2023-2027.

Eldrerådet - nytt medlem

Kommunestyret vel slikt nytt medlem til eldrerådet frå Pensjonistforbundet Fjell: **Per Arne Jacobsen**

Eigedomsskattetakstnemnda

Kommunestyret medlem og nestleiar for eigedomsskattetakstnemnda frå Arbeidarpartiet:

.....

Styret til Øygarden bustadforvaltning KF

Kommunestyret vel slikt nytt medlem og nestleiar i styret til Øygarden bustadforvaltning KF:

.....

Tilleggsforslag - Nyval Marianne Sandahl Bjørøy Ap

Eigedomsskattetakstnemnda:

Som fast medlem blir **Ruben Håvik** foreslått. Han er varamedlem i dag og har allereie møtt fleire gonger.

Som nytt varamedlem blir **Einar Blom** foreslått.

Øygarden bustadforvaltning:

Som nytt medlem blir **Bjørn Thorvaldsen** foreslått.

Behandling i møtet

Det var 40 representantar under behandling av denne saka. Anita Hellesø (Ap), Sølvi Kobbeltvedt (Sp), Sverre Myrekrok (INP), Robert Kaupang Sæle (H), og Stian Telle (H) hadde permisjon frå møtet.

Votering

Forslag frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteke.

Forslag til representantar frå Marianne Sandahl Bjørøy (Ap) vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret 26.03.2026 - saksnr. 037/26

Fritak

Kommunestyret vedtek å gje fritak for Egil Haaland sine verv frå 26.03.26 (vedtaksdato), og for resten av kommunestyreperioden 2023-2027.

Eldrerådet - nytt medlem

Kommunestyret vel slikt nytt medlem til eldrerådet frå Pensjonistforbundet Fjell: **Per Arne Jacobsen**

Eigedomsskattetakstnemnda

Kommunestyret vel slikt nytt medlem og nestleiar for eigedomsskattetakstnemnda frå Arbeidarpartiet: **Ruben Haavik (Ap)**

Kommunestyret vel slikt nytt varamedlem til eigedomsskattetakstnemnda frå Arbeidarpartiet (for Ruben Håvik): **Einar Blom (Ap)**

Styret til Øygarden bustadforvaltning KF

Kommunestyret vel slikt nytt medlem og nestleiar i styret til Øygarden bustadforvaltning KF: **Bjørn Thorvaldsen**

038/26: Søknad om å ta opp att politiske verv etter tilbakeflytting til Øygarden kommune

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Kommunestyret godkjenner at Jarle Ones Thorstensen (V) igjen er valbar til verv i kommunestyret, jf. kommunelova § 7-2, og trer inn att i dei verva han hadde før han flytta frå kommunen 1. september 2025.

Kommunestyret - 1. varamedlem

Jarle Ones Thorstensen (V) går inn att som 1. varamedlem til kommunestyret på lista til Venstre (V).

Vara-rekkja vert slik:

- 1. vara - Jarle Ones Thorstensen
- 2. vara - Niclas Forsberg
- 3. vara - Stine Alice Åsnes
- 4. vara - Kari Østervold Toft

Ellen Pedersen (V) går ut av vervet som 4. varamedlem til kommunestyret.

Kommuneplanutvalet - 2. varamedlem

Jarle Ones Thorstensen (V) går inn att som 2. varamedlem i kommuneplanutvalet frå 26.03.2026 og ut kommunestyreperioden 2023–2027.

Ellen Pedersen (V) går ut av vervet som 2. varamedlem i kommuneplanutvalet frå vedtaksdatoen 26.03.2026.

Kommunestyret 26.03.2026

Behandling i møtet

Det var 40 representantar under behandling av denne saka. Anita Hellesø (Ap), Sølvi Kobbeltvedt (Sp), Sverre Myrekrok (INP), Robert Kaupang Sæle (H), og Stian Telle (H) hadde permisjon frå møtet.

Votering

Forslag frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret 26.03.2026 - saksnr. 038/26

Kommunestyret godkjenner at Jarle Ones Thorstensen (V) igjen er valbar til verv i kommunestyret, jf. kommunelova § 7-2, og trer inn att i dei verva han hadde før han flytta frå kommunen 1. september 2025.

Kommunestyret - 1. varamedlem

Jarle Ones Thorstensen (V) går inn att som 1. varamedlem til kommunestyret på lista til Venstre (V).

Vara-rekkja vert slik:

- 1. vara - Jarle Ones Thorstensen
- 2. vara - Niclas Forsberg
- 3. vara - Stine Alice Åsnes
- 4. vara - Kari Østervold Toft

Ellen Pedersen (V) går ut av vervet som 4. varamedlem til kommunestyret.

Kommuneplanutvalet - 2. varamedlem

Jarle Ones Thorstensen (V) går inn att som 2. varamedlem i kommuneplanutvalet frå 26.03.2026 og ut kommunestyreperioden 2023–2027.

Ellen Pedersen (V) går ut av vervet som 2. varamedlem i kommuneplanutvalet frå vedtaksdatoen 26.03.2026.

039/26: Val av kommunen sin representant til styret i Visit Bergen 2026-2028

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Som medlem til styret i Visit Bergen for perioden 2026–2028 vel kommunestyret

.....

Kommunestyret 26.03.2026

Forslag frå valutvalet Nils Kåre Skoge H

Som medlem til styret i Visit Bergen for perioden 2026–2028 vel kommunestyret: Beate Bjelland

Behandling i møtet

Det var 40 representantar under behandling av denne saka. Anita Hellesø (Ap), Sølvi Kobbeltvedt (Sp), Sverre Myrekrok (INP), Robert Kaupang Sæle (H), og Stian Telle (H) hadde permisjon frå møtet.

Votering

Forslag frå valutvalet vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret 26.03.2026 - saksnr. 039/26

Som medlem til styret i Visit Bergen for perioden 2026–2028 vel kommunestyret: Beate Bjelland

040/26: Interpellasjonar og spørsmål

Innstilling til vedtak

Spørsmål og interpellasjonar med svar vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Kommunestyret 26.03.2026

Spørsmål som mangla svar i KS 11.02.26 - Manglande offentlig vassforsyning på Syltøy Jan Utkilen SL-TVØ

Bebuarane på austre Syltøy er framleis ikkje knytt opp til offentlig vassforsyning, sjølv om denne har vore tilgjengeleg i mange år. Det er lagt ein privat vassforsyning i deler av området, men når på langt nær ikkje alle. Når vil ØYVAR legge forholda til rette for at innbyggjarane i denne delen av kommunen får mogelegheit til knytte seg til ei offentlig vassforsyning.

Svar:

Det blei lagt fram offentlig vassleidning til Syltøy for om lag 10 år sida og ein god del har kopla seg til offentlig vassforsyning. Ein ser at dei som bur lengst vekke frå leidningen ikkje har kopla seg til, noko som kan skuldast høge kostnader med etablering av private vassleidningar.

Øyvar arbeider etter kommunedelplanen for vatn og avløp, som er politisk vedteken og legg føringane for korleis utbygging skal prioriterast i kommunen. For å sikre ei heilskapleg og langsiktig utvikling er det viktig for oss å følgje dei prioriteringane som ligg i handlingsplanen.

Mindre tiltak kan gjennomførast når dei naturleg inngår i andre prosjekt, til dømes ved bygging av korte strekningar med gang- og sykkelveg. Større utbyggingar, som nye vassleidningar til bustadområde eller grender, krev derimot eit eige politisk vedtak. Dersom kommunestyret vel å prioritere utbygging av vassleidning til det aktuelle området, vil Øyvar sjølvstøtt følgje opp og gjennomføre prosjektet i tråd med vedtaket.

Spørsmål - Chromebook Kristin Børve Jacobsen FrP

I Øygarden kommune blir Chromebook brukt i stor utstrekking både på barnetrinnet og ungdomstrinnet. Ei gjennomgåande og alvorleg utfordring som blir meldt frå både foreldre og lærarar på begge trinn, er at desse einingane ikkje kan låsast til berre det konkrete undervisningsinnhaldet elevane skal arbeide med i den enkelte timen, for eksempel éi digital lærebok, éi oppgåve eller eit bestemt arbeidsark.

Når elevar – uavhengig av alder – har fri tilgang til nettlesar, appar og anna digitalt innhald parallelt med undervisninga, skaper det ein situasjon der fristinga til å klikke seg bort frå oppgåva er stor. Dette gjeld i like stor grad på ungdomstrinnet som på barnetrinnet. Konsekvensen er at elevar forstyrrar si eiga læring, og i mange tilfelle også arbeidsroa og undervisninga for andre elevar i klasserommet.

I praksis blir Chromebook då ei kontinuerleg distraksjon i undervisninga, og ikkje eit presist pedagogisk verktøy.

Dette er ikkje vesentleg annleis enn mobiltelefonar, som skulane med rette prøver å avgrense – og i enkelte situasjonar kan Chromebook vere minst like forstyrrande, nettopp fordi den er ein del av undervisninga og alltid tilgjengeleg.

Denne manglande moglegheita til effektiv teknisk avgrensing reiser difor viktige spørsmål om læringsutbyte, konsentrasjon og utvikling av grunnleggjande ferdigheiter på både barne- og ungdomstrinn, og om dagens praksis bidrar til eit gradvis forfall i desse ferdigheitene.

Spørsmål og svar

1. Er Øygarden kommune kjend med at Chromebook i dag ikkje kan låsast til berre det undervisningsinnhaldet som skal brukast i timane, korkje på barnetrinnet eller ungdomstrinnet, og korleis blir dette vurdert pedagogisk?

Svar: Det stemmer at Øygarden kommune ikkje brukar verktøy som låser Chromebooks til ei enkelt nettside eller løysing i det daglege. Ungdomsskulane har ei løysing for dette som dei brukar til gjennomføring av eksamen, heildagsprøver og andre vurderingar ved behov. Det er likevel stor forskjell på ein Chromebook og om ein har ein mobil tilgjengeleg. Vi har mange ulike filter på maskinene som sperrar ulike ting, vi driv også kontinuerleg arbeid med å få stadig betre og målretta blokkeringsstenester. Mellom anna vert dei fleste nettspel, KI-tenester og sosiale medium blokkert. YouTube og google chat er også skrudd av på einingane til elevane. Vi har også sperra tilgangen til Chromebooks på natt og mange skular har avgrensingar i når og om dei sender med maskinene heim.

Pedagogisk vert det lagt vekt på at elevane skal utvikle digital dømmekraft og evne til sjølvregulering. Dette krev god klasseleiing og ei balansert bruk av digitale og analoge verktøy.

2. Kva tekniske eller organisatoriske tiltak blir brukte per i dag for å hindre at elevar på begge trinn bruker Chromebook til anna enn undervisning i skuletida i Øygarden kommune?

Svar: I Øygarden brukar vi blokkeringsfunksjonen som ligg i Google sitt system aktivt. Vi har tilgang på Kripos si blokkeringsliste, og alt som Kripos melder som mistenkeleg har vi blokkert i systemet vårt. I tillegg har vi lagt inn blokk på SOME-tenester som mellom anna Facebook, TikTok, Roblox, Snapchat og Instagram, samt mange ulike spelnettsider og anna. IKT-avdelinga har også lagt inn blokkering på dei same nettsidene på iPadane som er knytt til Øygarden kommune. I tillegg til blokkeringane i Google-miljøet og kommunens brannmur, har vi installert ein ekstra sikkerheitsklient på Chromebookene: Cisco Umbrella DNS-klient. Denne klienten sørger for filtrering også når elevane er utanfor kommunen sitt nett. Den kontrollerer alle DNS-oppslag (nettadresse-førespurnader) elevane gjer, og stopper trafikk som fell inn under uønska eller risikofylte kategoriar. Vi filtrerer på ei rekke forhandsdefinerte kategoriar, og i tillegg er politiet sine blokkeringslister lagt inn.

Samstundes må ein erkjenne at uansett kva tekniske løysingar ein brukar eller kva pedagogisk opplegg læraren ønsker å gjennomføre (både digitalt og i bok), så vil det vere enkelte elevar som vil klare å finne ein veg rundt desse tiltaka.

3. Vil Øygarden kommune ta initiativ til ei utgreiing av konsekvensane av dagens praksis for begge trinn, herunder korleis manglande låsing påverkar læringsro, konsentrasjon og grunnleggjande ferdigheiter?

Svar: Per i dag vurderer kommunen at det ikkje er grunnlag for ei eiga konsekvensutgreiing om dette, men vi forhald oss til dei nasjonale og regionale føringane som er gjeldande. Det er alltid nokre elevar som utfordrar rammene i undervisninga, uavhengig av verktøy. God bruk av digitale verktøy kan også bidra til betre tilpassing, meistring og ro for mange elevar. Eit klasserom i eit digitalt samfunn krev der i mot ein anna pedagogisk tilnærming enn tidlegare. Spesielt når elevane gjennom bruk av SOME, YouTube og TikTok i fritida har eit mykje kortare merksemdsvindauge enn før, må lærarane jobbe på ein anna måte enn før. Kommunen har i si Trygt og Godt satsing (TOG) eit forsterka fokus på klasseleiing.

4. Vurderar Øygarden kommune å auke bruken av alternative løysingar som inkludera bruk av bøker, penn/blyant og papir?

Svar: Kommunen legg til grunn ein balanse mellom digitale og analoge arbeidsmåtar. Elevane skal møte både fysiske bøker, ark og blyant og digitale verktøy i Øygdsskolen. Elevane må lære digital kompetanse, digital dømmekraft og korleis ein lærer i det digitale samfunnet dei er ein del av. Dette er ein viktig del av samfunnsoppdraget til skulane, og skulane har ein viktig utjamningsfunksjon i ivaretakinga av barn frå ulike samfunnslag. Det er allereie eit stort gap mellom ulike samfunnslag og digital kompetanse. Når vi ser på inntoget av kunstig intelligens (KI) viser forskning at denne aukar dette gapet mellom dei som forstår og kan nytte seg av, og dei som fell utanfor. Skulen har difor eit viktig samfunnsmandat ved å hjelpe den enkelte elev i å tileigne seg digital kompetanse og digital dømmekraft i tillegg til grunnleggjande ferdigheiter i skrivning, lesing og rekning.

Spørsmål - Nye omsorgsboliger Ågotnes Christian Daae-Hansen FrP

Når kan vi forvente anbudsrunder på omsorgsboliger på Ågotnes?.

Når kan de forventes å taes i bruk?.

Svar

Konkurransen vil lysast ut før ferien. Ferdigstilling kan setjast som eit av kriterier og er planlagt til hausten 2028.

Spørsmål - Oppgradering gamle Straumsundet bru Michael Sangolt H

Sak 003/26 vart handsama i PMU 29. januar i år og vedtaket vart alternativ 2, som inneber ny bru med to køyrefelt og fortau der seglingsbreidda vert utvida til 24 meter og seglingshøgda vert auka til 3,7 meter. Det var fleire spørsmål og diskusjonar i møtet som til slutt munna ut i dette vedtaket. Tema som særleg vart debattert var ny seilingshøgde på brua, der eit potensiale om 5 m vart lyfta fram. Dette har samanheng med betre framtidig fleksibilitet, til dømes for småbåtturisme og sjarkfiske.

På bakgrunn av nyleg vedtak gjort, kva skjer vidare i prosessen med dette arbeidet, fase med forprosjektering og endelig avklaring i byggesøknad? Framtidig og regulert g/s veg frå eit område i nord-vest med seilingshøgde vil ha innverknad, det er sjølv sagt også eit kostnadsbilete og moglegvis

tekniske moment som kan spele inn, men er det likevel vurdert å sjå på høgare seglingshøgde gjennom sluttprosjektering?

Svar

Formålet med saka om konseptval for nye Straumsundet bru var mellom anna å avklare sentrale premisser for vidare planlegging og prosjektering, herunder seglingshøgde.

PMU gjorde i sak 003/26 vedtak om alternativ 2, der ny bru skal prosjekterast med ei seglingshøgde på 3,7 meter. Dette vedtaket vert lagt til grunn for det vidare arbeidet med forprosjektering, detaljering og seinare byggesak.

Ei løysing med 5 meter seglingshøgde vart løfta fram og diskutert i prosessen, men dette vart ikkje det vedtekne alternativet grunna tekniske og økonomiske utfordringar. Dette vert derfor ikkje utgreia nærare.

Behandling i møtet

Spørsmål og svar vart presentert i møtet.

Vedtak i Kommunestyret 26.03.2026 - saksnr. 040/26

Spørsmål og interpellasjonar med svar vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

041/26: Val av styremedlem til Bergen Havn Ågotnes AS 2026-2028

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Kommunestyret vedtek å gi kommunedirektøren fullmakt til å peika ut representant til styret i Bergen Havn Ågotnes AS for 2 år for perioden 2026-2028

Val av styremedlem vert endeleg gjort av generalforsamlinga i selskapet i mai 2026

Kommunestyret 26.03.2026

Behandling i møtet

Det var 40 representantar under behandling av denne saka. Anita Hellesø (Ap), Sølvi Kobbeltvedt (Sp), Sverre Myrekrok (INP), Robert Kaupang Sæle (H), og Stian Telle (H) hadde permisjon frå møtet.

Votering

Kommunedirektøren sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret 26.03.2026 - saksnr. 041/26

Kommunestyret vedtek å gi kommunedirektøren fullmakt til å peika ut representant til styret i Bergen Havn Ågotnes AS for 2 år for perioden 2026-2028

Val av styremedlem vert endeleg gjort av generalforsamlinga i selskapet i mai 2026